

## **REKNESKAPSRAPPORT PR MAI 2024**

### **SAMANDRAG**

Rekneskapsprognose pr mai viser at kommunen kan få meirutgifter på vel 57 mill. kr i 2024. Dette er ein ytterlegare svekking av forventa resultat frå tertialrapporten, m.a. fordi prognosane for utviklinga i pleie- og omsorg og legetenester viser at det blir ser ut til å bli større meirutgifter der enn tidlegare meldt.

### **OM RAPPORTEN**

Forbruksprosenten er rekna ut frå rekneskap i % av årsbudsjettet. «Normal» forbruksprosent pr mai er for løns-intensive einingar er ca. 46%. Kolonnen Prognose årsavvik er vårt beste estimat på noverande tidspunkt om forventa meir- /eller mindreforbruk i forhold til budsjett ved årsslutt. Minus tal betyr meirforbruk eller mindre inntekter («underskot»), positive tal betyr mindreforbruk eller meirinntekter («overskot»).

### **FRIE INNTEKTER**

Årsprognose: Frie inntekter ser ut til å gå i balanse i 2024.

Frie inntekter omfattar rammetilskot frå staten, skatteinntekter og andre generelle driftsinntekter.

Det er få endringar i framlegg til revidert nasjonalbudsjett 2024 som får konsekvensar for kommunesektoren. Det nasjonale skatteanslaget for kommunane er marginalt oppjustert, og veksten frå 2023 til 2024 blir foreslått auka frå 4,6% (statsbudsjettet) til 4,7%. Kommunane får trekk i rammetilskotet for å avverje at Frøya kommune får eit negativt rammetilskot i 2024 (dette som følgje av at Frøya kommune har høgare trekk i skatteutjamninga enn det dei har i rammetilskot). For Bjørnafjorden kommune utgjer trekket i rammetilskotet kr 868.000. Trekket i rammetilskotet vil kunne dekkast av veksten i skatteinntektene.

Kommunen sine skatteinntekter har pr mai ein vekst på ca. 7,5% i forhold til same periode i fjar. Tal for landet viser ein vekst på 4,3%. Skatteinntektene for 2024 er budsjettet i tråd med statsbudsjettet for 2024. I 2. tertialrapport vil vi vurdere om det er grunnlag for å heve skatteanslaget for 2024.

### **FINANS**

Årsprognose: Finans kan få ein meirinntekt på ca. 12 mill. kr i 2024.

Prognose for meirinntekt er knytt til avkastning på langsiktig og kortsiktig finansportefølje pr mai 2024. Dette er ei usikker inntekt som vil forandre seg mykje gjennom året, og det er avkastninga 31.12.2024 som vil bli ståande i rekneskapen for 2024.

Renteutgiftene ser ut til å halde seg innafor budsjett.

## **FELLESOMRÅDE**

Årsprognose: Fellesområde kan få ein meirutgift på ca. 10 mill. kr i 2024.

Fellesområde omfattar utgifter til Folkevalde organ, Fellesutgifter og Pensjon.

Årets lønsoppgjer for kommunesektoren ser ut til å få ei ramme på 5,2%. Overslag vi har gjort ut frå dette tilseier at summen som er avsett til å dekke utgiftene i samband med årets lønsoppgjer vil vere for liten, sjølv om den er nesten dobla i forhold til budsjettet 2023. Pr no ser det ut til at meirutgiftene vil bli inntil 10 mill. kr høgare enn budsjettet. Vi vil kome tilbake med meir nøyaktige tal når vi har meir detaljerte opplysningar om oppgjernet.

Kommunen sine pensjonsutgifter er budsjettet i samsvar med pensjonsleverandørane sine prognosar for 2024. Lønsoppgjeren for tilsette og pensjonistar vil påverke reguleringspremien for pensjon. Gode lønsoppgjer gir risiko for at pensjonsutgiftene blir høgare enn budsjettet. Vi trur ikkje det blir store avvik i år.

Det som kan utgjere ein risiko er at vi må utgiftsføre fjorårets positive premieavvik på 101,9 mill. kr. Vi har avsett 42,5 mill. kr til å dekke desse utgiftene, resten av avsetninga måtte vi stryke i samband med avslutning av rekneskapen for 2023. Vi er dermed avhengige av eit positivt premieavvik også i 2024 for å kome ut i balanse.

Det er budsjettet med 65,8 mill. kr i bruk av premiefond for å saldere budsjettet for 2024.

## **STAB**

Årsprognose: Stab ser ut til å kunne gå i balanse i 2024.

Stab består av Sentral leiing, økonomiavdelinga og HR avdelinga, inkl. IT.

Stab har kostnadsvekst på fleire område, m.a. er det innført viktordning for IT området for å ivareta sikkerheit for drift av infrastruktur og system utanfor ordinær arbeidstid. Sidan førre rapport har det diverre kome fleire/lenga sjukemeldingar. Refundert sjukeløn ser no ut til å kunne dekke meirutgiftene.

## **OPPVEKST**

Årsprognose: Oppvekst kan få meirutgifter på ca. 23,6 mill. kr i 2024.

Dei store utfordringane i drifta er knytt til at fleire barn i barnehage og elevar i skulane treng ekstra tiltak og ressursar. Innan desse områda må vi varsle meirforbruk knytt til inneverande barnehage og skuleår og ein betydeleg auke i nytt barnehage- og skuleår. Vi har og større auke i tal plassar i barnehagane enn budsjettet og ei mindre nedgang i elevtalet enn det som ligg i budsjettet. Det er sjølv sagt særskilt positivt med fleire barn i kommunen vår, men det betyr også auke i kostnadene. Tilflytting har vore større enn det vi har budsjettet med.

Under er den økonomiske situasjonen i barnehage, skule og Familiens hus gjort greie for.

## **Oppvekst – fagstab og felles satsingar**

Det er budsjettbalanse knytt til fagstab. Reduksjon av 1 årsverk er gjennomført med effekt fra 01.03.24. Delar av stilling i stab bli også i 2024 finansiert via prosjektmidlar (Verd-sett).

### **Skular**

Skuleområdet melder om meirforbruk på ca. 12,4 millionar - same som ved førre økonomirapport.

Lønskostnader ligg høgare enn måltalet på 46% etter lønnsutbetaling i mai, også etter at vi har korrigert med refusjonar på sjukemeldte og dei som er i permisjonar. Meirforbruket er knytt til vikarbruk utan refusjon, dette er som oftast korttidsfråvær (inntil 16 dagar fråvær) og utgjer 1,9 millionar.

I innsparingskravet Finansieringsmodell var det lagt inn ei innsparing på 5 millionar på elevar med store hjelpebehov for skuleåret 2024-25. Dette viser seg, etter gjennomgang med skulene, å være urealistisk. Behovet har økt kraftig. I staden for at kostnadene blir redusert med 5 millionar for 2024/25, har kostnadene auka med 9,2 millionar. Meirforbruket er 14,2 millionar for skuleåret 2024/25. Meirkostnaden utgjer 6,5 millionar for hausten 2024 (2,3 millionar er reversering av vedtatt innsparing).

I budsjettet for 2024 på skuleområdet var det lagt inn en innsparing på 6 millionar som følgje av redusert tal elevar. Reduksjonen i elevar er mindre enn det vi har berekna og dette utgjer ei mindre innsparing på 4 millionar.

### **Familiens hus**

Familiens hus driftar i balanse.

#### **Barnevernstjenester**

Barnevernet driftar i balanse. Barnevernet har fått fleire meldingar inn i 2024 (perioden januar tom mai) enn i 2023. Dette skuldast mellom anna mange og alvorlege foreldre-konfliktsaker og ungdoms-saker. Dersom vi klarer å halde plasseringar på institusjon nede på dagens nivå vil klare årets budsjett. Vi prøver å sette inn omfattande tiltak i heimen for å hindre plasseringar. Dette gjer at privatkjøp av tiltak er høgt. Vi bruker rundt 300.000 på privatkjøp pr. mnd. Dette er høgt, og er ønskeleg å få ned. Grunn for dette er at kommunen/barnevernet ikke har tiltak som er omfattande nok i alvorlege sakar - eller fleksible nok. Tiltaka blir sett inn for å hindre vidare negativ utvikling og mogeleg flytting. Ser ut til at dette vil holde seg stabilt evt. auke pga. nye alvorlege saker og auke i ungdoms-saker.

Det er ikkje nye barn inn/ut av fosterheim i løpet av mai som vil påverke rekneskapen i stor grad. Det same gjeld beredskapsheim, men her kan det skje endringar i juni.

Vi har per i dag 5 barn med MST. Og vi har fleire vi skal søkje inn til dette tiltaket. Pris pr. barn i mnd. er 16.180.

#### **Førebyggande helsetjenester**

Førebyggande helseteneste driftar i balanse og har god kontroll på økonomien. Løn er innafor budsjett og ligg litt lågare enn 46% som er estimert forbruk per mai.

Det er brukt 67,4 % av driftsbudsjettet. Årsaka til at driftsbudsjett er litt høgt er fleire:

- innkjøp av ny bilirubinmåler til barseloppfølging av nyfødde ved nærjordmorsenteret (65 000 kr). Det var ønskeleg å få denne på førre budsjett, men grunna sein levering kommer den på 2024 budsjett.
- nokre midlar har vi fått/ får refundert som vaksiner, refusjonar blir ført på inntekt.
- programvarelisens til Visma for fagprogram er betalt t.o.m. juni 2024, men lisens kostar meir enn det som er budsjettert.
- Opplæring/ kurs ligg noko høgt grunna vidareutdanning hos tilsette.
- Auke i utgifter knytt til tolketenester.

Inntekt: Vi har motteke omlag halvparten av tilskotet frå Helsedirektoratet. Refusjon knytt til kjøp av helsejukepleiar-ressurs i vidaregåande skular er lågare enn budsjettert grunna at vi ikkje har levert fullverdige tenester.

Vi har mottatt refusjonar for takstar for jordmortenester frå Helfo t.o.m. mars 2024.

#### Barn, unge og familiær (BUF)

Vi har, etter søknad, fått tilført eksterne midlar til Rask psykisk helsehjelp tilsvarande 40% stilling, og midlar for 60% stilling knytt til innføring av BTI.

Som rapportert i førre økonomirapport er det budsjettert for lite driftsmidlar i eininga, men eininga driftar samla sett i balanse.

#### **Barnehagar**

Kommunale barnehagar driftar innanfor tildelt budsjett.

Styrking-ressursar knytt til § 317 og § 31 i barnehagelova: Det er ikkje endringar sidan førre økonomirapport. Prognose på meirforbruk på 3 millionar - sjå tekst 1. tertial.

Meirforbruk knytt til tilskot til private barnehagar er på same nivå som ved førre økonomirapportering: kr 8 200 000. Dette skuldast både fleire barnehageplassar i bruk komande barnehageår og høgare tilskotssatsar som ikkje er kompensert i budsjett.

Samla meirforbruk på barnehageområdet er kr 11 200 000.

#### **Tiltak – Oppvekst**

Det blir arbeida med å realisere tiltak i Omstilling 25 i heile oppvekst. Det fleste tiltak blir rapportert på "grønt", dvs. gjennomført eller planlagt for gjennomføring frå nytt barnehage- og skuleår.

Utover dette blir det mellom anna arbeida med følgjande tiltak - gjeld heile oppvekstområdet:

- Stram økonomisk styring og rettleiing. Tett dialog med einingsleiarane for å sikre kontroll på drifta. Det er stort fokus på å halde budsjett og kostnader nede i heile organisasjonen.

- Gjennomføring av stillingskontroll og behovsanalyse før tilsetjingsprosesser
- Sjukefråværsoppfølging i einingane
- Eininga søker om fritak frå arbeidsgjevarperioden for kronisk sjuke.
- Det blir arbeida med å hente inn uteståande refusjonar for sjukemeldte
- Innkjøp: berre nødvendig utstyr
- Gjennomføre omstillingsprosesser
- Arbeid i arbeidsmiljøgruppene (AMG)

På skuleområdet blir det i tillegg arbeida med følgjande tiltak:

- Det er fleire komplekse og samansette vanskar hos elevane og ei betydeleg auke i behov for ressursar. Skuleeigar har saman med skuleleiingane og aktuelle fagtenester ei grundig gjennomgang av behova og det blir arbeida både på system og individnivå for å finne gode løysingar som også sikrar berekraftig økonomi.
- gjennomgang i personalgruppa om organisatoriske endringar for å hindre overforbruk

I Familiens hus blir det i tillegg arbeida med følgjande tiltak:

- Utvikling av ulike gruppertilbod i Familiens hus med tanke på å nå fleire utan at det vert for ressurskrevjande for organisasjonen.
- Barneverntenesta: Det blir jobba aktivt for å redusere tal passeringar i institusjon. Dette blir gjort ved å sette inn ulike omfattande hjelpetiltak. Dette er kostnadskrevjande, men likevel billigare enn plassering.
- Det er særleg risiko for lovbro i PPT, der ein ikkje klarer å halde fristar for sakkunnige vurderingar. Her er vi i gang med eit arbeid for å sjå på korleis ein skal klare dette i tida som kjem.

På barnehageområdet blir det i tillegg arbeida med følgjande tiltak:

- Alle vedtak §37 skal vurderast saman med §31 opp mot prinsippet å kunne gje kvart enkelt barn eit heilskapleg hjelpetilbod.
- Starte kursing av ASK ( alternativ supplerande kommunikasjon) for tilsette i dei barnehagane som har eit ASK vedtak. ASK skal vera ein del av det allmennpedagogiske tilbodet.

## **HELSE OG VELFERD**

Årsprognose: Helse og velferd kan få meirutgifter på ca. 30,2 mill. kr i 2024.

Sektoren jobbar godt med alle omstillingstiltak i samband med budsjettnedtrekk.

Det er stor differanse mellom budsjettramme og driftsutgifter for eining legevakt og legetenester, som ligg an til eit meirforbruk på kr 9,6 mill. I budsjettet var premissen at legevaktstasjonen i Eikelandsosen vart avvikla i løpet av første halvår og det er dermed ikkje noko budsjett her for andre halvår. Det er nett gjort vedtak om å oppretthalde drifta med ny driftsmodell, der sektoren må finna dekning for omlag kr 1,5 mill. Dette er innbakt i prognosene. Det er også høge kostnader tilknytt Osøyro legesenter til m.a. innleige av legar frå bemanningsbyrå for å sikra drifta.

Dei to sjukeheimane melder til saman eit overforbruk på kr 16,5 mill. NAV ventar å få eit overforbruk på kr 2 mill. p.g.a. auka utgifter til livsopphald, fleire brukarar og auka bu utgifter. Dette er ei nedgang på 1 mill. kr frå april mnd. Psykisk helse og rustenester melder eit meirforbruk på kr 500 000 fordi vi ikkje vil få full effekt av tiltak i budsjett på nedtrekk av 5,5 årsverk. Eininga har jobba svært målretta med omorganisering av eininga for å effektivisera drifta, og ny organisering vil tre i kraft i løpet av september.

Heimetenesta på Os og avdeling forvaltning og koordinering melder eit overforbruk på til saman 1,6 mill. kr. Dette skyldast i all hovudsak auka kostnader til dagsenter transport og auka bruk av overtid i heimetenesta.

Det er ei viss uro sett opp mot kostnader kring ferieavvikling i alle turnustenestene i sektoren. Dette da det har vist seg svært utfordrande å sikre nok ferievikarar på tross av at vi starta med rekruttering allereie i des. 23 med påfølgjande lysingar på nyåret. Parallelt med at ein har jobba aktivt ut mot ulike utdanningsinstitusjonar. For å sikre forsvarleg drift gjennom sommaren har fleire av einingane måtte ty til innleie frå bemanningsbyrå.

Kommunalsjef, økonomirådgjevarar og prosjektleiar for Omstilling 25 har månadlege møte med einingsleiarane og følgjer utviklinga tett. Sektoren og einingane er i gang med å realisera budsjettvedtaket gjennom omfattande omstillingsarbeid. Sektoren er svært pressa kapasitetsmessige no og dette påverkar omstillingsarbeidet. Vi ser difor med ei viss uro på om vi vil klara å realisera alle vedtak innan gitte fristar.

## **Forvaltning og koordinering**

Det er bekymring knytt til auka kostnader til transport av dagsenterpasientar, der det er ein årsprognose på ca. kr 600 000 i meirforbruk. Kring årsskiftet lyste vi ut anbodskonkurranse på transport av dagpasientar til ulike dagsentertilbod i kommunen. Det kom inn berre eitt tilbod i konkurransen og det gjaldt dessutan berre for transport av pasientar på Os-sida. Pristilboden var langt over budsjett for ordninga og venta prisnivå. Tilboden vart avvist og konkurransen avlyst. Planen er å lysa ut konkurransen på nytt.

Kostnader til “fadderordninga” ved Bjørnafjorden Asvo er det ikkje budsjett for i 2024. Dette utgjer ein årleg kostnad på ca. kr 1,3 mill.

Eininga melder eit overforbruk på 600 000 kr. Dette skyldast i all hovudsak økte kostnader til dagsenter transport. Bustadkontoret ligg godt under måltal så samla sett kan prognosene endre seg til det betre gjennom året.

## **Legevakt og legetenester**

Eininga melder ein prognose for overforbruk på kr 9,6 mill. Overforbruket har fleire kjelder: Kostnader til drift av legevakta i Eikelandsosen, som forklart i oppsummeringa. Vi ser og ei auke i utgifter på tiltaket insentivløn i Bjørnafjordmodellen, som det ikkje er budsjettert for. Eininga har og hatt auke i lønskostnader, auka husleige og utgifter til oppgradering av system.

Kommunen overtok heimlane til Sjøkanten legesenter og etablerte Osøyro legesenter. Det har bært utfordrande å få på plass fastleggar til drift av senteret, og vi har avtale om drift gjennom innleigde vikarar fram til 1.9.2024. Det er no svært gledeleg at vi har tilsett 4 legar som skal

drifte kontoret frå 1.9.2024. For å få på plass drifta måtte vi inngå avtale med legane om kommunal drift i to år, før legesenteret blir gjort om til næringsdrift. Deretter er målet å ha faste legar som eig heimlane og driv kontoret.

Vi er i prosess med å gjera om det kommunale legekontoret, Moberg, til næringsdrift.

## Nav

NAV melder om eit prognostisert overforbruk på kr 2 mill. Samla forbruk pr. mai 2024 er 59,4% . Ser ein nedgang i kostnader til økonomisk sosialhjelp i april og mai. Framleis gjeld stor pågang av tenestemottakarar. Ei auke frå april til mai på 24 personar.

Det er og forventa auke i bruk av kvalifiseringsprogram, ei lovpålagt teneste, som det ikkje er budsjett til dersom utviklinga held fram.

## Tilrettelagte tenester

Til trass for utfordringar med omlegging av drift for å oppfylla budsjettvedtak om å sikra drift av Søfteland bufellesskap innan eksisterande rammer, ser det ut som om eininga skal gå i balanse i 2024. Det er noko usikkerheit knytt til vikarkostnader og behov for innleige frå bemanningsbyrå for å sikra lovpålagte tenester i delar av eininga. Det er naudsynt å bruke bemanningsbyrå for å rekruttera på Fusa sida.

## Psykisk helse og rustenester

Eininga varslar eit mogleg overforbruk for 2024 på ca. kr 500 000.

Eininga har gjennomført eit stort omstillingsarbeid i samband med nedtrekket som kom gjennom budsjettvedtaket, der vi har sett på heile strukturen i eininga for å sikra faglege forsvarlege tenester og meir effektiv og berekraftig drift. Premissen i budsjettvedtak var effekt frå 1. juli. På grunn av nødvendig omstillingsarbeid og turnusprosessar klarer vi ikkje å innfri vedtaket før midten av september og melder difor om eit overforbruk.

## Luranetunet (LBBS)

LBBS varslar eit meirforbruk for 2024 på kr 13,5 mill. Hovudforklaring er meirforbruk på løn grunna auka brukarbehov og høgt sjukefråvær. Eininga har og eit nedtrekk på kr 5 mill. knytt til omgjering av sjukeheimspllassar i 2024. Det er satt ned ei arbeidsgruppe for å sjå på korleis ein kan innfri dette kravet. Prognosene tek høgde for at ein klarar å innfri 2 av 5 mill. kr.

Det har vore utfordrande å få lagt om drifta med nye turnusar og ny bemanningsfaktor. Det gjer at drifta er meir sårbar. Ved fråvær må vi ta inn vikar frå første fråværsdag. Ved melding om fråvær på kort varsel, og behov for vikar for å sikra fagleg forsvarleg drift, må vi ty til dyre løysingar som forskyvd vakt og bruk av overtid. Eininga har utfordringar med å rekruttera sjukepleiarar kompetanse på natt og har difor måtte leiga inn frå bemanningsbyrå.

Knytt til auka/endra brukarbehov må vi også tidvis ta inn ekstra bemanning for å sikra forsvarlege tenester. Bebuarar og pasientar med komplekse sjukdomsbilete er framleis ein aukande tendens på Luranetunet. Fleire bebuarar og pasientar med demens fører til at vi har fleire med høg grad av åtferdsforstyrningar og psykiske symptomer ved demens (APSD). Høg

grad av APSD aukar behovet for helsepersonell, då dette ofte inneber utagerande åtferd hos pasient, og det er dokumentert at miljøtiltak er det mest hensiktsmessige og effektive tiltaket.

## **Heimetenester Os**

Heimetenester Os melder om eit meirforbruk på 1 mill. kr. Dette skyldast auka brukarbehov, høgt sjukefråvær og bruk av overtid, samt auka kostnader til dagsenter transport.

Det er betydeleg auke av brukarar det siste året. Oppdraga vert meir og meir omfattande og spesialiserte, noko som inneber at vi til tider må ta inn ekstra bemanning for å sikra fagleg forsvarlege tenester. Dette er særleg merkbart etter at eininga fekk redusert bemanningsfaktor.

Eininga ligger noko over på måltal for løn. Dette skuldast m.a. bruk av overtid grunna høgt sjukefråvær, og at det har vore utfordrande å rekruttera sjukepleiarar kompetanse på natt. Etter siste utlysing kan det sjå ut som om dette no vil snu, sidan det var fleire søkerar til dei ledige stillingane på natt.

## **Fusa Bu og Behandlingssenter og heimetenester**

Eininga melder eit meirforbruk på kr 3 mill. Det er svært krevjande å rekruttere til ledige stillingar og eininga må bruke overtid for å sikre kompetanse på alle vakter. Det blir tatt inn ekstra bemanning på enkelte vakter for å sikre forsvarlighetskrav på natt.

Utfordringsbildet har gitt oss overforbruk på institusjon. Økonomien er i balanse i heimetenesta.

Framskriving viser overforbruk pga. planlagt inntak av seks vikarar frå vikarbyrå i perioden mai-august. Inntaket er for å sikre forsvarleg drift. Det er stor mangel på kvalifisert arbeidskraft pga. høgt sjukefråvær og ferieavvikling. I tillegg er det forventa at vi må bruke overtid gjennom sommaren ved eventuelt korttidsfråvær.

Eininga har bistand frå Nav arbeidslivssenter med førebyggjande fokus på sjukefråvær og arbeidsmiljø.

## **Tiltak - Helse og velferd**

Sektor Helse og velferd står ovanfor store budsjettkutt også inneverande år. Det har vore jobba godt med alle tiltaka i Omstilling 25. I budsjett for 2024 ligg det ytterlegare nedtrekk som utfordrar sektoren.

Samtlege turnustenester har redusert bemanningsfaktoren og effekten av dette vil vi sjå no i 2024. Kvar eining med turnusdrift har etablert indikatorar på forsvarlegheit. Eit verktøy for å følje kor vidt vi sikrar lovpålagnede og forsvarlege helsetenester, samt igangsette tiltak der vi ser at vi ikkje leverer iht. til lovverk og standardar. Resultat vert rapportert månadsvis. I tillegg vert det rapportert på forsvarlegheitsindikatorane til formannskapet i samband med rapportering på Omstilling 25.

Samtlege einingar melder avvik knytt til høgt sjukefråvær pr 1 tertial. Tiltak som er iverksett er systematisk sjukefråværs-oppfølging, tilrettelegging, bistand frå Nav arbeidslivssenter og bedriftshelsetenesta.

Forsvalegheitsindikatorane viser på sektornivå eit høgt sjukefråvær i fleire av einingane.

Sektoren er og i gang med å laga ein tenestekatalog Dette for tydeleggjera internt og ut mot brukarane kva innhald som ligg i dei ulike tenestene.

Bruk av velferdsteknologi er ei viktig satsing, med mål om at teknologi skal vera førstevallet der det er naturleg. På denne måten vil vi i større grad sikra at vi bruker rett kompetanse på rett plass. Satsinga er viktig for å ta ned behovet for helsepersonell, som vi veit det vil vera knappare tilgang på i framtida.

Når det gjeld kjøp av dagsentertenester frå Øvreeide gard, ser vi ut frå kostnader for perioden at vi må redusera inntaket av brukarar betydeleg i tida som kjem for å halda budsjettet. Vi ser for oss å oppretta ei venteliste for inntak av nye brukarar, men opererer også med “delte plassar”, dvs. at ein kan få tilbod, men med færre vekedagar enn elles.

Einingane har fokus på å førebygge sjukefråvær og nyttar mellom anna bistand frå Nav arbeidslivssenter og bedriftshelsetenesta.

Etter avvikling av bemanningssentralen jobbar sektoren for å finna ein god modell for korleis sikra tilgang på vikarar og i større grad planleggja for pårekneleg fråvær med såkalla “ressursbemannning”.

Sektoren har vektentlege møte i stillingskontroll. Dette for å kvalitetssikra og vurdera behov før stillingar vert lyst ut.

Kommunalsjef, prosjektleiar og økonomikonsulentar har månadlege møte med einingsleiarane med fokus på omstilling og økonomi.

## **SAMFUNNSUTVIKLING**

Årsprognose: Samfunnsutvikling ser ut til å få meirutgifter på ca. 5,3 mill. kr i 2024.

### **Samfunnsutvikling – fagstab og fellesområde**

Grunna mindre forbruk av engasjement ser ein eit innsparingspotensiale på omlag 1,0 mill. kr i 2024.

#### **Innbyggarservice**

Vi ser at vi får et mindreforbruk på kr 200.000 pga. sjukeløns refusjonar. Dette talet kan kanskje bli noko større på bakgrunn av etterslep.

Det er pt. fleire årsverk som er sjukmeldt på 50% og det er ein 80% stilling som er finansiert av sjukelønsrefusjonar. Men det tyder også på at sjukelønsrefusjonen dekker meir enn denne utgifta.

80 % stillinga er knytt til kommunetorget og til dokumentsenteret.

Det er frå august av ein vakant stilling som gjer at noko av lønskostnaden vil bli noko lågare.

Budsjettert overtid på 150.000 er nok noko høgt ift resultatet, så her vil ein moglegens få eit betre resultat enn budsjettert.

Det er budsjettert med ein redusert utgift til innsynsførespurnader til IKAH på kr. 200.000,-.. Det er ikkje mogeleg å styre tal innsynsforespurnader. Men vi jobbar med å digitalisere planarkivet slik at vi får betre tilgang til dokument gjennom digitale innsynsløysingar og der igjennom slepper vi å betale IKAH for å finne fram saker for oss.

Dette er no satt i gang og sendt til skanning i Danmark.

### **Plan, byggесak og oppmåling**

Plan, kart og oppmåling, landbruk ser ut til å gå i balanse.

Byggесak har eit budsjettavvik på inntekta på om lag 4,0 mill. i 2024. Grunna vakante årsverk er prognosene 2,5 mill. meirforbruk i 2024.

### **Kultureininga**

Det er ikkje spesielle utfordringar å melda som ikkje var kjende frå før.

Støttekontakt-tenesta er underfinansiert og lön til støttekontaktar går truleg med eit meirforbruk omlag 1,5 mill. i 2024. Eit slikt meirforbruk har vore der over år tilbake til tida då Helse og velferd hadde budsjettansvaret.

Så langt er det betalt ut ein heil del tilskot til idrettslag, Oselvarverkstad og KF m.m. som påverkar det prosentvise forbruket. Her er det mindre avvik i forhold til budsjett, men under kontroll.

Det er vakanse i 50% stilling ved frivilligsentral våren 2024 som vil vera med å dekka mogleg underfinansiering på andre postar i eininga og sektor. Rammene er knappe.

Støttekontaktenesta har vore underfinansiert over tid. Kultureininga og samfunnsutvikling overtok budsjettansvaret for støttekontaktane frå mai 2023. I PWC-rapporten som vart laga for Bjørnafjorden-22 var omlegging til fleire gruppertilbod tiltaket som skulle få bukt med meirforbruket i høve til budsjett. Vi klarer ikkje å etablera fleire grupper med dei ressursane vi har i dag.

Hausten 2023 starta omlegging av personalmeldingar, innføring av Visma Enterprise Plus og Visma Expense for time og utgiftsføring. Pga. nye og utvida arbeidsoppgåver knytt mot tenesta, har arbeidsbelastinga auka mykje. Grete Byrkjeland har i tillegg gått inn og delteke aktivt med kursing, opplæring og rettleiing i Visma Enterprise Plus og Expense og føring av personalmeldingar.

Skal vi på permanent basis klara å handtera både dei administrative og kontortekniske

oppgåvene, og klara å ha fagleg utvikling med overgang til gruppetilbod, treng tenesta å auka personalressursen. Å auka frå 1,5 årsverk til 2 årsverk vil gje ein kostnad på 400.000 kroner som over tid kan tena seg inn att, jf. PWC-rapport. Dette må vurderast.

Alternativt må ambisjonen om gruppetilbod leggast bort og budsjettet tilførast dei 1,5 mill. kronene som manglar for å få utført ei lov-pålagd oppgåve.

## **Brann**

Pr. mai er prognosen eit meirforbruk på om lag 1 million.

Det er stor usikkerheit knytt til sjølvkostområdet for feiing og tilsyn (33810). I 2023 gjekk dette området med eit stort underskot, og gebyrauen er ikkje stor nok til å dekke dette inn. Potensielt kan dette føre til at området får eit meirforbruk på rundt 0,8 million kr i 2024. Dette er eit underskot som kan framførast, og få tilbake seinare år, men vil kunne gi området eit meirforbruk for 2024 isolert sett.

Det er igangsett tiltak for å få ned kostnadene på sjølvkostområdet, samt auke inntektene.

I tillegg ser vi at dei samla lønnskostnadene til brannkorps, som er utanfor sjølvkostområdet, er noko høgare enn budsjett.

Såleis er det sannsynleg med eit samla meirforbruk på om lag 1 million kr i 2024.

Auke inntekter:

Registrere nye abonnement for feiing og tilsyn. Me har om lag 500 fritidsbustader som skal registrerast.

Omstilling av ein konsulent i 40% stilling overførast til VA f.o.m. 1. juni.

## **Eigedom Drift**

Prognosen pr. mai er eit samla mindreforbruk på om lag 3,5 million.

Dette skuldast i hovudsak reinhaldstenester, straumutgifter og husleigeinntekter, der vi truleg kjem betre ut enn budsjett. Det som trekker motsett veg er festeavgifter og kommunale avgifter. Samla mindreforbruk blir såleis 3,5 million.

Eigedom Drift kører ein streng budsjettdisiplin. Vedlikehaldet er satt på vent på ubestemt tid. Me fortsette å ha fullt fokus på energioppfølging for å optimalisere energiforbruket.

## **Samferdsle**

Det har vore ein hard start på året med fleire store snøfall, dette kostar for samferdsel, så det blir overskridinger også i år på vinterdrift. Pr. 1. tertial er meirforbruket på kjøp av snøbrøytingsavtaler på 3,6 millionar, men då gjenstår snøbrøyting/beredskapsavtaler for tidleg vinter 2024/2025. Prognosene er såleis 5 millionar i meirforbruk for 2024, men det er risiko for at avviket blir større.

## **Vatn**

Pr. mai er prognosen at ein er i balanse.

Rentenivået har falt gjennom vinteren og gjer at dei kalkulatoriske rentene nok blir lågare enn budsjettet. Dette gjer isolert sett at ein kan få eit overskot. Sidan ein har eit framførbart underskot på 3,4 millionar vil ein i så fall behalde overskotet og få ein positiv prognose.

Men 2023 viste at det er ein viss risiko for vassleidningsbrot ut over det ein har budsjettet for, og det gjer at ein likevel ikkje kan melde eit overskot for 2024.

## **Avlaup**

### Sjølvkostområde - Avløp

Prognosen at ein er i balanse.

Rentenivået har falt gjennom vinteren og gjer at dei kalkulatoriske rentene nok blir lågare enn budsjettet. Dette gjer isolert sett at ein kan få eit overskot, men dette overskotet må i sin heilheit settast av på fond.

### Sjølvkostområde - Privat Slam

Prognosen at ein er i balanse.

Området har eit stort sjølvkost-fond, som ein må bruke opp. Ein planleggar difor eit underskot på dette området, som skal dekkast av dette sjølvkostfondet.